



DET KONGELEGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT

Prop. 40 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2020 under Barne- og familiedepartementet

*Tilråding frå Barne- og familiedepartementet 20. november 2020,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Barne- og familiedepartementet (BFD) fram endringsforslag til statsbudsjettet for 2020 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

2 Endringsforslag

Kap. 840 Tiltak mot vald og overgrep

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 70 og kap. 846, post 62

Løyvinga dekkjer mellom anna utgifter til prosjekt og tiltak i arbeidet mot vald og overgrep, irekna vidareutvikling, implementering og følgjeevaluering av kunnskaps- og øvingsportalen *SNAKKE* og nettressursen *Jeg vet*. Fleire aktivitetar knytt til *Snakke* og *Jeg vet* er utsette på grunn av virusutbrotet. BFD føreslår å redusere løyvinga på kap. 840, post 21 med 1,5 mill. kroner.

Post 70 Tilskot til valdsførebyggjande tiltak m.m., kan nyttast under post 21 og kap. 858, post 01

Mental Helses Foreldresupport er ein døgnopen telefon- og chatteteneste for omsorgspersonar som treng hjelp, rettleiing eller har behov for å lufte tankane sine med nokon. Etter at smittevern-

tiltaka blei sett i kraft i Noreg opplevde hjelpe-telefonen stor pågang. For å møte den auka pågangen blei Foreldresupport tildelt 1,8 mill. kroner gjennom tiltakspakka til sårbare barn og unge, jf. Prop. 117 S (2019–2020).

I høgtida kan familiar som har det vanskeleg få det vanskelegare. Det er derfor venta auka pågang på Mental Helses Foreldresupport i jula. For at tenesta skal kunne møte den auka pågangen, føreslår BFD å auke løyvinga under kap. 840, post 70 med 175 000 kroner.

Kap. 841 Samliv og konfliktløysing

Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsløyving

Prognosen for bruk av meklarar utanom familievernet er høgare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. BFD føreslår derfor å auke løyvinga under kap. 841, post 21 med 0,8 mill. kroner.

Post 23 Refusjon av utgifter til DNA-analysar, overslagsløyving

Prognosen for talet på DNA-analysar til fastsetjing av farskap er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 841, post 23 med 0,6 mill. kroner.

Kap. 840, 841, 843, 844, 845, 846, 854, 856, 858, 865, 867, 881, 882, 2530, 3855, 3856

Post 70 Tilskot til samlivstiltak, kan nyttast under kap. 842, post 01, og kap. 858, post 01

Løyvinga dekkjer mellom anna utgifter til tilskotsordninga til samlivskurs for fyrstegongsforeldre. Ordninga blei etablert i inneverande år. Grunna virusutbrotet har det vore krevjande å etablere nye tilbod og gjennomføre kurs. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 841, post 70 med 10 mill. kroner, mot aukeingar på 7 mill. kroner på kap. 846, post 61, 1 mill. kroner på post 62 og 1 mill. kroner på kap. 858, post 01.

Kap. 843 Adopsjonsstønad

Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, overslagsløyving

Prognosen for talet på utanlandsadopsjonar er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 843, post 70 med 4,2 mill. kroner.

Kap. 844 Kontantstøtte

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Utbetalingane til kontantstøtte har til no i år vore lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2020 blir no rekna til 1 540 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 844, post 70 med 10 mill. kroner.

Kap. 845 Barnetrygd

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Utbetalingane til barnetrygd har til no i år vore noko lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2020 blir no rekna til 16 220 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 845, post 70 med 30 mill. kroner.

Kap. 846 Familie- og oppveksttiltak

Post 61 Nasjonal tilskotsordning for å inkludere barn og unge, kan nyttast under post 71

Løyvinga under denne posten blir mellom anna nytta til *Nasjonal tilskotsordning for å inkludere barn og unge*. Målet er å motverke og/eller dempe konsekvensane av låg inntekt blant barn og ungdom. Dei inngripande smitteverntiltaka i år har særlege konsekvensar for sårbare barn og unge. Det har vore fleire som har søkt enn som har fått

tilskot frå ordninga. Auka løyving vil gå til tiltak som vil bidra til å inkludere fleire og til å motvirke sosialt utanforskap. BFD føreslår å auke løyvinga på posten med 7 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon på kap. 841, post 70.

Grunna virusutbrotet og dei strenge smitteverntiltaka kan mange barn og unge i familiar med låg inntekt gå ei vanskeleg jul i møte. Det finst fleire frivillige organisasjonar med tiltak som sosiale aktivitetar, alternative julefeiringar og julehjelp i form av matkassar, mat og gåve til sårbare grupper. BFD føreslår ei auka løyving på 11 mill. kroner til *Nasjonal tilskotsordning for å inkludere barn og unge* som skal gå til følgjande frivillige organisasjonar: 5 mill. kroner til Frelsesarmeen, 3,5 mill. kroner til Blå Kors, 2 mill. kroner til Røde Kors og 0,5 mill. kroner til Kirkens bymisjon. Med auka støtte kan desse organisasjonane nå ut til fleire og auke kvaliteten på den hjelpen som kvar einskild får.

BFD føreslår ei samla auke i løyvinga på kap. 846, post 61 på 18 mill. kroner.

Post 62 Utvikling i kommunane

Løyvinga under denne posten går mellom anna til tilskotsordninga *Støtte til oppfølgings- og løsfunksjonar for ungdom*. Målet er å styrkje tilknyttinga til skulen, trivselen og meistringa, og gjennom dette bidra til betre skuleprestasjonar og auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Dei inngripande smitteverntiltaka har særlege konsekvensar for sårbare barn og unge, og kan føre til auka fråfall i skule og opplæring. Det har vore fleire som har søkt enn som har fått tilskot frå ordninga. Auka løyving vil gå til tiltak som vil bidra til auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. BFD føreslår å auke løyvinga på kap. 846, post 62 med 1 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon på kap. 841, post 70.

Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71

Det er sett av 10,1 mill. kroner på posten til eit prøveprosjekt med hurtigbusetjing av einslege, mindreårige asylsøkjjarar. Prosjektet er forsinka og løyvinga vil ikkje bli nytta i 2020. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga med 10,1 mill. kroner.

Løyvinga på posten dekkjer òg drifta av ei chatteteneste som tilhøyrrer *Alarmtelefonen for barn og unge*. Kristiansand kommune driv Alarmtelefonen, og løyvinga har blitt utbetalt som tilskot

til kommunen. For å sikre korrekt postbruk, foreslår BFD å redusere løyvinga på posten med 2,5 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 854, post 61. Sjå òg omtale under post 61.

BFD foreslår å redusere posten med til saman 12,6 mill. kroner.

Post 22 Barnesakkunnig kommisjon

Det har komme inn færre rapportar til Barnesakkunnig kommisjon i 2020 enn tidlegare lagt til grunn. BFD foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 854, post 22 med 0,3 mill. kroner.

Post 61 Utvikling i kommunane

Løyvinga på posten dekkjer mellom anna driftsutgifter til *Alarmtelefonen for barn og unge*, som Kristiansand kommune driv. Alarmtelefonen melder om at det har vore ei auke i talet på sårbare barn og unge som har tatt kontakt med tenesta. Grunna virusutbrotet og dei inngripande smitterverntiltaka vil fleire barn og unge gå ei vanskeleg jul i møte. BFD foreslår å auke løyvinga på posten med 150 000 kroner slik at *Alarmtelefonen for barn og unge* kan auke bemanninga i skolens juleferie for å kunne hjelpe fleire som tar kontakt.

For å sikre korrekt postbruk for utgifter knytte til den nye chattetenesta under Alarmtelefonen, foreslår BFD å auke posten med ytterlegare 2,5 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 854, post 21.

BFD foreslår å auke posten med til saman 2,7 mill. kroner.

Post 72 Tilskot til forskning og utvikling i barnevernet, kan nyttast under post 21, kan overførast

Posten har eit berekna mindreforbruk i 2020 som skuldast mindre implementering av kunnskapsbaserte hjelpetiltak i barnevernet enn lagt til grunn for løyvinga. BFD foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 854, post 72 med 1,1 mill. kroner.

Kap. 3855 Statleg forvalting av barnevernet

Post 01 Diverse inntekter

Inntektene på posten kjem frå refusjon av klientutgifter og andre tilfeldige inntekter. Rutinen for betaling av klientutgifter har i fleire regionar blitt endra til at kommunane sjølve betalar rekninga. I tillegg er fleire samarbeidsprosjekt og framleigeavtaler som tidlegare har generert andre inn-

tekter no avslutta. BFD foreslår på denne bakgrunn å redusere løyvinga på kap. 3855, post 01 med 6 mill. kroner.

Post 60 Kommunale eigendelar

Løyvinga på posten kjem frå kommunale eigendelar for tiltak i det statlege barnevernet. Aktivitetsveksten i det statlege barnevernet har i 2020 vore lågare enn tidlegare lagt til grunn. Eit lågare tal på opphaldsdagar gir reduserte inntekter. BFD foreslår derfor å redusere kap. 3855, post 60 med 53,2 mill. kroner.

Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer utgifter til drift av statlege omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar under 15 år, forvaltingsoppgåver knytte til omsorgssentera, samt busetjingsarbeid. Løyvinga legg til rette for drift av 50 plassar. Talet på barn i sentera har vore lågt og synkande utover i 2020. Dette har gitt lågare utgifter inneverande år enn lagt til grunn for løyvinga. BFD foreslår derfor å redusere kap. 856, post 01 med 30,7 mill. kroner.

Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar

Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøklarar og flyktningar kan, ifølgje statistikkdirektivet til OECD/DAC, godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Ifølgje retningslinjene frå OECD/DAC er det berre utgifter det fyrste året som kan godkjennast. Det er i gjeldande budsjett lagt til grunn at 100 prosent av barna i omsorgssentera har butid under eitt år i 2020. Oppdatert informasjon viser at denne delen er no på 78 prosent. BFD foreslår derfor å redusere kap. 3856, post 04 med 24,9 mill. kroner.

Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og fellesfunksjonar i Barne-, ungdoms- og familieetaten

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer mellom anna lønn og andre driftsutgifter i Barne-, ungdoms- og familiedirek-

toratet (Bufdir). I samband med endringar i bioteknologilova § 2-6, fjerde ledd har Bufdir fått i oppgåve å vere rådgivande instans. BFD føreslår derfor å auke løyvinga på kap. 858, post 01 med 1 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 841, post 70.

Kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Ein del av løyvinga på posten i 2020 skal nyttast til å dekkje eingongskostnader knytt til at Klagenemndsekretariatet i Bergen frå 1. januar 2021 overtek sekretariatsfunksjonen for sakene til Marknadsrådet. BFD føreslår å auke løyvinga på kap. 865, post 21 med 0,22 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 867, post 01 for å bidra til å dekkje kostnadene.

Post 71 Tilskot til Reisegarantifondet

På grunn av ein forventet auke i talet på konkursar blant pakkereisearrangørar som følgje av sterkt redusert reiseaktivitet under covid-19-pandemien, fekk Reisegarantifondet ved handsaminga av Prop. 67 S (2019–2020) ei ekstra løyving på 100 mill. kroner i 2020, og 2 mill. kroner til administrasjon. Samstundes blei ei fullmakt til å overskrive ekstraløyvinga på 100 mill. kroner med ytterlegare 200 mill. kroner vedteken. Foreløpig har det ikkje vore behov for å nytte løyvinga og fullmakta. Talet på konkursar har så langt vore lågt, og alle krava frå dei reisande vil ikkje vere handsame i 2020. For at Reisegarantifondet skal kunne handtere den forventet auken i talet på konkursar i 2021 føreslo BFD i staden å løyve 104 mill. kroner i 2021, inkludert midlar til administrasjon, i tilleggsnummer til Prop. 1 S (2020–2021). BFD føreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 865, post 71 med 100 mill. kroner i 2020.

Kap. 867 Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukerklageutvalet

Post 01 Driftsutgifter

Grunna omorganiseringa av verkemiddelapparatet på forbrukarområdet blir Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukerklageutvalet lagt ned 1. januar 2021. Klagenemndsekretariatet i Bergen overtek frå 1. januar 2021 sekretariatsfunksjonen for sakene til Marknadsrådet. Ein del av løyvinga på kap. 865, post 21 i 2020 vil bli nytta til å dekkje eingongskostnader knytt til å etablere

denne ordninga. BFD føreslår å redusere løyvinga på posten med 0,22 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 865, post 21.

Kap. 881 Tilskot til trussamfunn m.m.

Post 78 Ymse faste tiltak

På grunn av pandemien og dei inngripande smitteverntiltaka, vil mange aktivitetar i regi av Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn bli avlyste eller vesentleg reduserte i desember og julehøgtida. Dette gjeld også for konsertar og julegudstenester. Fleire digitale arrangement kan kompensera noko for bortfall av aktivitetar og samlingar. BFD føreslår derfor til saman 5 mill. kroner som bidrag til å auke frekvens og kvalitet på digitalt innhald og digitale arrangement. Tilskottsmidlane blir fordelt til Den norske kyrkja og paraplyorganisasjonene Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn (STL) og Noregs kristne råd, som fordeler dei til sine medlemsorganisasjonar.

Kap. 882 Kyrkjebygg og gravplassar

Post 60 Rentekompensasjon – kyrkjebygg, kan overførast

Løyvinga på posten er 60,7 mill. kroner i 2020. Etter at det endelege rentenivået er fastsett har Husbanken, som forvaltar ordninga, gjort eit oppdatert overslag. Dette viser at utbetalinga av rentekompensasjon vil bli på om lag 36 mill. kroner i 2020.

BFD føreslår derfor å redusere løyvinga med 24,7 mill. kroner.

Kap. 2530 Foreldrepengar

Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsløyving

Utgiftene til foreldrepengar ved fødsel i 2020 blir no rekna til 20 490 mill. kroner. Dette er 600 mill. kroner høgare enn gjeldande budsjett. Auken skuldast i hovudsak at fleire foreldre enn tidlegare er venta å få foreldrepengar i 2020. BFD føreslår derfor å auke løyvinga under kap. 2530, post 70 med 600 mill. kroner.

Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving

Utbetalingane til eingongsstønad ved fødsel og adopsjon har til no i år vore noko lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2020 blir no rekna

til 780 mill. kroner. BFD foreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 2530, post 71 med 25 mill. kroner.

Post 72 Feriepengar av foreldrepengar, overslagsløyving

Utbetalingane til feriepengar av foreldrepengar har til no i år vore noko høgare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2020 blir no rekna til 520 mill. kroner. BFD foreslår derfor å auke løyvinga under kap. 2530, post 71 med 25 mill. kroner.

Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsløyving

Utbetalingane av foreldrepengar ved adopsjon har til no i år vore noko lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2020 blir no rekna til 48 mill. kroner. BFD foreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 2530, post 73 med 4 mill. kroner.

Barne- og familiedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2020 under Barne- og familiedepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under Barne- og familiedepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2020 under Barne- og familiedepartementet

I

I statsbudsjettet for 2020 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
840		Tiltak mot vald og overgrep	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70 og kap. 846, post 62</i> , nedsettes med	1 500 000
		fra kr 23 683 000 til kr 22 183 000	
	70	Tilskot til valdsførebyggjande tiltak m.m., <i>kan nyttast under post 21 og kap. 858, post 01</i> , forhøyes med	175 000
		fra kr 106 754 000 til kr 106 929 000	
841		Samliv og konfliktløsning	
	21	Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i> , forhøyes med	800 000
		fra kr 11 623 000 til kr 12 423 000	
	23	Refusjon av utgifter til DNA-analysar, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med	575 000
		fra kr 5 160 000 til kr 4 585 000	
	70	Tilskot til samlivstiltak, <i>kan nyttast under kap. 842, post 01 og kap. 858, post 01</i> , nedsettes med	10 000 000
		fra kr 24 636 000 til kr 14 636 000	
843		Adopsjonsstønad	
	70	Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med	4 200 000
		fra kr 9 000 000 til kr 4 800 000	
844		Kontantstøtte	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med	10 000 000
		fra kr 1 550 000 000 til kr 1 540 000 000	
845		Barnetrygd	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med	30 000 000
		fra kr 16 250 000 000 til kr 16 220 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
846		Familie- og oppveksttiltak	
	61	Nasjonal tilskotsordning for å inkludere barn og unge, <i>kan nyttast under post 71</i> , forhøyes med fra kr 411 969 000 til kr 429 969 000	18 000 000
	62	Utvikling i kommunane, forhøyes med fra kr 112 092 000 til kr 113 042 000	950 000
854		Tiltak i barne- og ungdomsvernet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i> , nedsettes med fra kr 68 622 000 til kr 56 022 000	12 600 000
	22	Barnesakkunnig kommisjon, nedsettes med fra kr 7 814 000 til kr 7 514 000	300 000
	61	Utvikling i kommunane, forhøyes med fra kr 56 511 000 til kr 59 161 000	2 650 000
	72	Tilskot til forskning og kompetanseutvikling i barnevernet, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i> , nedsettes med fra kr 127 728 000 til kr 126 628 000	1 100 000
856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med fra kr 119 839 000 til kr 89 139 000	30 700 000
858		Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og fellesfunksjoner i Barne-, ungdoms- og familieetaten	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med fra kr 594 824 000 til kr 595 824 000	1 000 000
865		Forbrukarpolitiske tiltak	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i> , forhøyes med fra kr 2 304 000 til kr 2 524 000	220 000
	71	Tilskot til reisegarantifondet, nedsettes med fra kr 102 000 000 til kr 2 000 000	100 000 000
867		Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med fra kr 15 415 000 til kr 15 195 000	220 000
881		Tilskot til trussamfunn m.m.	
	78	Ymse faste tiltak, forhøyes med fra kr 14 899 000 til kr 19 899 000	5 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
882		Kyrkjebygg og gravplassar	
	60	Rentekompensasjon – kyrkjebygg, <i>kan overførast</i> , nedsettes med fra kr 60 741 000 til kr 36 000 000	24 741 000
2530		Foreldrepengar	
	70	Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i> , forhøyes med fra kr 19 890 000 000 til kr 20 490 000 000	600 000 000
	71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med fra kr 805 000 000 til kr 780 000 000	25 000 000
	72	Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i> , forhøyes med fra kr 495 000 000 til kr 520 000 000	25 000 000
	73	Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , nedsettes med fra kr 52 000 000 til kr 48 000 000	4 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3855		Statleg forvaltning av barnevernet	
	01	Diverse inntekter, nedsettes med fra kr 16 534 000 til kr 10 534 000	6 000 000
	60	Kommunale eigendelar, nedsettes med fra kr 1 484 948 000 til kr 1 431 748 000	53 200 000
3856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, nedsettes med fra kr 113 082 000 til kr 88 204 000	24 878 000